

Tabell F-k

Kriteriedata. Kommunane.

Tabell F-k viser kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane presenterte i tabell E-k.

Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2013

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB), utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2013

Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 3–13 – Innbyggjartal fordelt på aldersgrupper per 1. juli 2013

Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 14 – Reiseavstand innan sone (per 1. januar 2013)

Reiseavstand innan sone (i km) per 1. januar 2013. Reiseavstand blir berekna for alle innbyggjarane i sonen til sonesenteret, summert for alle innbyggjarane i sonen. Ein sone er eit geografisk samanhengande område som er satt saman av grunnkretsar. Nærare omtale av kriteriet er gitt i St.prp. nr. 62 (1999–2000) *Om kommuneøkonomien 2001 m.v.* Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 15 - Reiseavstand innan sone (gj.snitt 2011-2013)

Frå og med 2012 blir det nytta eit gjennomsnitt for dei siste tre åra for kriteriet reiseavstand innan sone. For berekninga av rammetilskotet i 2014 nyttast gjennomsnittet for åra 2011, 2012 og 2013. For tal på reiseavstand innan sone per 1.1.2011 og 1.1.2012 vises det til Grønt hefte 2012 og Grønt hefte 2013.

Kolonne 16 – Reiseavstand til næraste nabokrets (per 1. januar 2013)

Reiseavstand til nabokrets (i km) per 1. januar 2013. Berekna avstand for innbyggjarane i grunnkretsen, frå senter i eigen grunnkrets til senter i næraste nabogrunnkrets innanfor same sonen, summert for alle innbyggjarane i kommunen. Nærare omtale av kriteriet er gitt i St.prp. nr. 62 (1999–2000) *Om kommuneøkonomien 2001 m.v.* Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 17 - Reiseavstand til næraste nabokrets (gj.snitt 2011-2013)

Frå og med 2012 blir det nytta eit gjennomsnitt for dei siste tre åra for kriteriet reiseavstand til næraste nabokrets. For berekninga av rammetilskotet i 2014 nyttast gjennomsnittet for åra 2011, 2012 og 2013. For tal på reiseavstand til næraste nabokrets per 1.1.2011 og 1.1.2012 vises det til Grønt hefte 2012 og Grønt hefte 2013.

Kolonne 18 – Basiskriteriet

Basiskriteriet har verdien 1 for alle kommunar.

Kolonne 19 – Innvandrarak 6–15 år, utanom Skandinavia

Innvandrarak 6–15 år frå land utanom Skandinavia per 1. januar 2013. Innvandrarak er personar som er f6dde i utlandet av to utanlandsf6dde foreldre, og som p6 eit tidspunkt har innvandra til Noreg. Statistikk frå SSB. I tr6d med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 3 oppgitt. I berekninga av rammetilskotet blir den reelle verdien lagt til grunn.

Kolonne 20 – Norskf6dde med innvandrarforeldre 6–15 år, utanom Skandinavia

Norskf6dde personar 6–15 år, med foreldre med innvandringsbakgrunn frå land utanom Skandinavia per 1. januar 2013. Statistikk frå SSB. I tr6d med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 3 oppgitt. I berekninga av rammetilskotet blir den reelle verdien lagt til grunn.

Kolonne 21 – Alders- og kj6nnsstandardisert d6delegheit

Alders- og kj6nnsstandardisert d6delegheit for heile befolkninga, gjennomsnitt for 6ra 2008–2012. Standardiseringa skjer ved at det for kvar kommune blir berekna spesifikke ratar for kvart av kj6nna og 18 aldersgrupper, som blir multiplisert med talet p6 personar i kvar av desse persongruppene i ein *standardbefolkning*. Summen av dette er det talet p6 d6de ei slik befolkning ville hatt som 6rleg gjennomsnitt dersom d6delegheitsm6nsteret hadde vore det same som i perioden 2008–2012. N6r dette blir dividert med det totale folketalet i den same standardbefolkninga, oppn6r ein standardisert summarisk rate. Ratane er oppgitt som d6de per 100 000. Desse spesifikke kommunale ratane blir s6 multiplisert med den gjennomsnittlege folkemengda i kommunane for same periode.

Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 22 – Barn 0–15 år med einsleg fors6rgjar

Barn 0–15 år med einsleg fors6rgjar per desember 2012. Einslege fors6rgjarar blir berekna p6 grunnlag av mottakarar av barnetrygd med utvida st6nad. Tall frå NAV. I tr6d med praksisen til NAV blir ikkje verdiar under 5 oppgitt. I berekninga av rammetilskotet blir den reelle verdien lagt til grunn.

Kolonne 23 – Personar med l6g inntekt

Personar med l6g inntekt i 2011. Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet. Kriteriet inng6r 6g i opphopingsindeksen, som best6r av kriteria skilte/separerte, arbeidsledige og personar med l6g inntekt.

For 6 berekne talet p6 personar med l6g inntekt i kvar kommune tek ein utgangspunkt i hushaldsstatistikk for inntekt etter skatt eksklusive sosialhjelp. Det er nytta regionspesifikke l6ginntektsgrenser for 6 ta omsyn til at bustadprisane og dei 6konomiske kostnadane ved 6 ta del i samfunnslivet avhenger av bustad. Personar med l6g inntekt er definerte som personar med inntekt som er l6gare enn halvparten av medianinntekta i dei ulike regionane. Studentar og personar med h6g formue er halde utanom. Kriteriet er n6rare omtalt i rapporten *Sammenligning av simultane og partielle analyser av kommunenes 6konomiske atferd* (Lang6rgen m.fl. (2005)).

Kolonne 24 – Uførepensjonistar 18–49 år

Talet på uførepensjonistar 18–49 år i kommunen per desember 2012. Tal frå SSB. I tråd med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 5 oppgitt. I berekninga av rammetilskotet blir den reelle verdien lagt til grunn.

Kolonne 25 - Flyktningar

Personar med flyktningbakgrunn per 1. januar 2013, busett i Noreg før 1. januar 2008. Omgrepet "Person med flyktningbakgrunn" blir her brukt om personar som har kome til Noreg av fluktgrunnar, og omfattar òg familieinnvandra til desse. Òg dei som opphavleg kom av andre grunnar, men seinare har fått ei flyktningtillating, er telt med. Med fluktgrunner meiner ein at vedkommande har fått beskyttelse i Noreg, utan omsyn til om personen har fått flyktningstatus etter Genèvekonvensjonen.

Barn som personar med flyktningbakgrunn har fått etter at dei kom til Noreg, er ikkje rekna med. Statistikk frå SSB. I tråd med praksisen til SSB blir ikkje verdiar under 2 oppgitt. I berekninga av rammetilskotet blir den reelle verdien lagt til grunn.

Kolonne 26 – Skilte og separerte 16–59 år

Skilte og separerte 16-59 år per 1. januar 2013. Statistikk frå SSB.

Kolonne 27 – Arbeidsledige 16 – 59 år

Arbeidsledige 16-59 år. Som grunnlag for kriteriet blir det nytta eit gjennomsnitt for registrerte arbeidsledige under 60 år i 2012. Statistikk frå SSB.

Kolonne 28 – Opphopingsindeks

Opphopingsindeksen består av kriteria skilte og separerte (kol.26), arbeidsledige (kol.27), personar med låg inntekt (kol.23) og innbyggjartal per 1. januar 2013 (kol.1). Opphopingsindeksen blir berekna på følgjande måte for kvar kommune:

$$\frac{\text{Ant. skilte/separerte} * \text{ant. arbeidsledige} * \text{ant. pers. med låg inntekt}}{\text{Ant. innbyggjarar} * \text{ant. innbyggjarar}}$$

Kolonne 29 – Urbanitetskriterium

Folketal per 1. januar 2013 (kol. 1) opphøgd i 1,2.

Kolonne 30 - Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og eldre

Personar med psykisk utviklingshemming 16 år og eldre per 1. januar 2013. Innrapporterte tal frå kommunane til Helsedirektoratet. Tala inkluderar ikkje personar med psykisk utviklingshemming som bur i vertskommuneinstitusjonar.

Kolonne 31 – Ikkje-gifte 67 år og over

Ikkje-gifte 67 år og eldre per 1. januar 2013. Definisjon av ikkje-gift: aldri tidlegare gift, skilt, separert (inklusive skilt, separert, gjenlevande partner), enker og enkemenn. Statistikk frå SSB.

Kolonne 32 – Innbyggjarar med høgare utdanning

Innbyggjarar 16 år og over med universitets- og høgskuleutdanning, per 1.oktober 2012. Statistikk frå SSB.

Kolonne 33 – Innbyggjarar 1 år per 1. juli 2013

Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kolonne 34 – Barn 1 år med kontantstøtte etter full sats

Barn 1 år med kontantstøtte etter full sats i kommunen. Gjennomsnitt for 2012. Statistikk frå NAV. Barn med kontantstøtte inngår i kriteriet barn 1 år utan kontantstøtte (kol. 36).

Kolonne 35 – Barn 1 år med kontantstøtte etter redusert sats

Barn med kontantstøtte etter redusert sats i kommunen. Gjennomsnitt for 2012. Statistikk frå NAV. Barn med kontantstøtte etter redusert sats inngår i kriteriet barn 1 år utan kontantstøtte (kol. 36) med halv vekt.

Kolonne 36 – Barn 1 år utan kontantstøtte

Kriteriet blir berekna som barn 1 år i kommunen per 1. juli 2013 (kol.33), minus talet på barn med kontantstøtte etter full sats (kol. 34) og barn med kontantstøtte etter redusert sats (kol. 35). Barn med redusert kontantstøtte inngår i kriteriet med halv vekt.

Kolonne 37 – Elevar i statlege og private skular, grunnskule

Elevar i statlege og private grunnskular, vanleg undervisning, elevtal per 1. oktober 2012. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 38 – Elevar med opphald, grunnskule

Elevar ved statlege spesialskular og private skular for funksjonshemma som er innlosjert på skulen, elevtal per 1. oktober 2012. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 39 – Elevar ved spesialskular, grunnskule

Elevar ved statlege spesialskular og private skular for funksjonshemma, elevtal per 1. oktober 2012. Statistikk frå Kunnskapsdepartementet/ Utdanningsdirektoratet.

Kolonne 40 – 43 Landbrukskriteriet

Landbrukskriteriet består av fire underliggjande kriterium: areal dyrka mark (kol. 40) med 30 pst. vekt, talet på jordbruksbedrifter (kol. 41) med 20 pst. vekt, talet på landbrukseigedomar (kol. 42) med 40 pst. vekt og det totale arealet i kommunen (kol. 43) med 10 pst. vekt. Desse fire kriteria er vist som fire kolonnar i tabell F.

I tabell E er desse vekta saman til eitt landbrukskriterium. Landbrukskriteriet blir berekna på følgjande måte for kvar kommune:

$$\frac{\text{Dyrka mark i kom. X} * 0,3}{\text{Dyrka mark i landet}} + \frac{\text{Ant.jordbr.bedr. i kom. X} * 0,2}{\text{Ant.jordbr.bedr. i landet}} + \frac{\text{Ant. landbr.eiged. i kom. X} * 0,4}{\text{Ant. landbr.eiged. i landet}} + \frac{\text{Areal i kom. X} * 0,1}{\text{Areal i landet}}$$

Det totale arealet i kommunane er tal per 1.1.2012, statistikk frå Statens Kartverk. Areal dyrka mark, talet på jordbruksbedrifter og talet på landbrukseigedomar er tal frå 2012, statistikk frå SSB.

Kolonne 44 – Skatt i pst. av landsgjennomsnittet i 2012

Skatteinntekter per innbyggjar i kommunen, i prosent av landsgjennomsnittet for skatteinntekter per innbyggjar i 2012.